

Reglement for arbeidsmiljøutvalet i Granvin Herad

Journalnummer: 15/419-4

Dato:01.12.15

Revidert av: Randi Kalsas

§ 1 Val og samansetjing

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit lovbestemt samarbeidsutval som er opretta med heimel i arbeidsmiljølova kap. VII § 7 og forskrift om organisering, leing og medvirkning og hovudavtalen del C § 5.

AMU skal ha like mange representar frå arbeidsgjevarsida og arbeidstakersida. For tida har AMU 6 medlamer.

Frå arbeidsgjevarsida skal det veljast medlemmer som har eit overordna arbeidsgjvararansvar.

Arbeidstakarane vel sjølv sine medlemmer. Dersom arbeidstakarorganisasjonane organiserer meir enn 50 % av dei tilsette, kan organisasjonane peike ut arbeidstakarane sine medlemmer. Hovedvernombodet skal vere medlem av arbeidsmiljøutvalet som ein av dei tre representantane for dei tilsette. Det skal og veljast personleg vara for alle medlemmane. Medlemmane i Arbeidsmiljøutvalet veljast for 2 år om gongen.

HMT tenesta har tale og framleggsrett. Andre tilsette som utvalet kaller inn har talerett

§ 2 Val av leiar og nestleiar

Arbeidsmiljøutvalet vel sjølv leiar, som skal gå på omgang mellom arbeidsgjevar sine medlemmer og arbeidstakar sine medlemmer. Valet gjeld for 1 år om gongen.

§ 3 Arbeids og ansvarsområde

Arbeidsmiljøutvalet sitt arbeidsområde er heile den kommunale verksemda.

Arbeidsmiljøutvalet sitt ansvarsområde er:

- Oppgåver i samsvar med AML § 7 (§7-2 nr 3 er delegert rådmann)
- Overordna ansvar i HMT/IA arbeidet.
- Uttaleorgan i høve budsjett og omstillingsplanar.
- Medarbeidartilfredshet.

§ 4 Møte i arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet skal ha møte når leiaren finn det naudsynt, eller når minst 2 medlemmer krev det. Arbeidsmiljøutvalet skal normalt kallast inn skriftleg med 5 dagars varsel.

Arbeidsmiljøutvalet kan gjere vedtak innafør delegert mynde og innafør ramma av lov og avtaleverk og godkjent budsjett. Arbeidsmiljøutvalet skal og drøfte saker med mål om å oppnå einigheit. Arbeidsmiljøutvalet er vedtaksføre når minst halvparten av medlemene er til stades. Avgjerder vert tekne med vanleg (simpelt) fleirtal. Ved likt røystetal har leiaren dobbelrøyst.

§ 5 Sakshandsaming og sekretariat

Hovudverneombod har ansvar for å førebu sakene til AMU på ein forsvarleg måte etter vanlege sakshandsamingsprinsipp. Saklista blir sett opp i samråd med leiar.

Rådmannen peikar ut sekretær for utvalet. Sekretæren har møteplikt i tillegg til tale og framleggsrett. Sekretæren kan i samråd med leiaren kalla inn andre det er ynskje om å spørje om råd.

Vedteke i AMU den 30.11.15 (sak 017/15)

Publisert:

Granvin herad intranett-side